



STRAND KOMMUNE

Til:

Ingunn Gjeitanger

Isabell J. Fiskå

Leif Petter Sigmundstad Vostervegen 231 4121 Tau

Linn Susanne Neverdahl Krogevollhagen 9 4121 Tau

Magne Ravnås Ravnåsvegen 114 4121 Tau

Marianne Livastøl Lyngvegen 6 4120 Tau

Tilde Neverdahl Krogevollhagen 9 4121 Tau

Trine Sørskår

Øyvind Mikal Ur Sørskårvegen 271 4121 Tau

Dato: 31.05.2024

Dykkar ref.:

Vår ref.: 23/627 / 24/18074 / VASREI

Referat frå SU/SMU 21.05.2024 Nordre Strand oppvekstsenter

Tid: 21.05.2024

Stad: Personalrommet

Til stades: Isabell J. Fiskå, Leif Petter Sigmundstad, Linn Susanne Neverdahl, Magne Ravnås. Marianne Livastøl, Tilde Neverdahl, Trine Sørskår, Øyvind Mikal Ur og Reidun Annette Vasstveit.

Forfall: Ingunn Gjeitanger

Møteleiar: Øyvind Mikal Ur

Sak 1

Ingen merknadar til innkalling eller referat.

Sak 2

Nytt frå FAU

FAU likar ikkje dekket under «uforeila». Det ligg ikkje der det skal, det forsvinn utover i skulegarden. Kanten har vore for låg og har blitt brøyta bort saman med snøen. Dei runde små steinane (fallunderlaget) er lette å skli på og kan dermed føre til skade for born som spring og for vaksne. Skulen meldar dette inn til Bygghjelp.

Ballbingen treng nytt dekke. Skulen melder dette inn til Bygghjelp.

Språkbruk på skulen – Rektor synes det er betre. Me vil likevel halde fram med å jobbe med språkbruken til elevane.

Foreldremøte hausten 2024 ønsker FAU i slutten på august eller starten på september.

Grillfest 13. juni kl. 17.00 – 19.00

Sak 3

Nytt frå Elevrådet

Elevane har hatt ei skulemiljøundersøking. Alle elevane fekk svare på kva dei kunne gjere for at friminutta skal vere trygge og gode for alle og kva dei kan gjere for at læringsmiljø i klasserommet er godt og trygt for alle. Mange fine svar frå elevane.

Skulen har fleire vaksne ute i friminutta no ein periode p.g.a. litt konflikhtar i ballbingen og nokre elevar som treng ekstra oppfølging av ulike grunnar.

Elevrådet ønska at fleire enn fire kan sitje på «uforeila». Regelen er fire og må halde fram p.g.a. slitasje og tryggleiken til elevane.

Sak 4

Nytt frå barnehage

Barnehagen held på med tilsetjingar, både faste og vikariat.

Oppgradering av garderobane er litt forsinka.

Sak 5

Nytt frå skulen

- Reidun informerte om den nye heimesida til skulen. Den er å finne på Strand kommune si heimeside.
- Skuleåret 2024/2025 startar oppvekstsenteret med Gleding. Eit opplegg i sosial kompetanse, eit godt og inkluderande skulemiljø og forebygge mobbing. Både barnehagen og skulen vil bruke opplegget i undervisninga . Meir info på foreldremøte i haust.
- Skulen bruker AskiRaski som er eit nettbasert verktøy for intensiv lesetrening. Neste skuleår vil skulen vere med i eit kartleggings program.
- Flinki – «*Dette nettstedet er laget for å hjelpe skoler som vil legge opp en Flinki sykkeløype i nærområdet. Skolen kan bruke sykkel-løypen i sykkelundervisningen og til sykkelturet med elevene, men den passer også for familier på fritiden*», står det på nettstedet. Gunn Rita Dahle Flesjå kjem til NSO 4. juni og blir med oss på dette opplegget.
- Strand kommune sin utviklingsplan – kort info om utviklingsområda våre.
- FAU kan tenke på om dei vil ha eit samarbeidsprosjekt neste skuleår - 2024/2025, slik me hadde i februar – *Helse og livsmeistring*. Det var eit vellykka tema og prosjekt.
- Tre nye lærarar med Mastergrad (musikk, leikbasert læring og språk) er tilsette i vikariat neste skuleår.

Sak 6

Ev.t.

Med helsing

Reidun Annette Vasstveit
verksemdsleiar/rektor
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.

